



Jan Kåre Rolland

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/205 - 23/13311

Saksbehandlar:  
Ingri Thomassen  
ingri.thomassen@osteroy.kommune.no

Dato:  
08.06.2023

## Informasjonsmøte om plan for friluftslivets ferdselsårer

### Referat frå oppstartsmøte 4. mai 2023

Tilstades: Linda Svidal Nordås (Osterøy kommune), Ingri Thomassen (Osterøy kommune), Silje Solberg (Osterøy kommune), Håkon André Halvorsen (Vestland fylkeskommune), Svein Lohne, Jan Kåre Rolland, Trond Loeshagen, Tone Hetlevik, John Rivenes, Kari Brekke, Jorunn S Holsen, Jørgen Varden, Jarle Hanstveit, Terje Solberg, Øystein Øvsthus, Kjellaug Hartveit, Rune Solberg.

Tema	Innhald
Innleiing	<p>Ferdselsårer + turar og turmål. Mål: Auke folkehelse, få folk ut på tur, bevare områder der vi ikkje ynskjer det skal vere trafikk, og legge stiane der vi meiner at turvegen bør gå.</p> <p><u>Viktige punkt i planen:</u></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Beskrivelse av planen: Effektmål og resultatmål Kunnskapsgrunnlag – Frå kartleggingsfasen</li><li>• Tiltaksdel med: Kvalitetssikring av mål</li><li>• Tilretteleggingstiltak – parkeringsplassar, skilting, merking, kløppar, bruer Evt endringar av etablerte stiar - Omlegging eller andre tiltak</li><li>• Temakart med turrutene</li></ul>
Gjennomgang av prosjektet	<p>Gjennomgang av fasane i prosjektet;</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Oppstart</li><li>2. Kartlegge no-status</li><li>3. Analysere og vurdere tiltak</li><li>4. Samanstilling og vedtak</li></ol>

	<p>Kartgrunnlaget for Osterøy, gjennomført av Osterøy turlag er brukbart og nøyaktig, så det mest aktuelle i kartleggingsfasen er å vurdere om noko av kartgrunnlaget som allereie ligg digitalt bør endrast eller leggst til.</p> <p>Arbeidsgruppe må opprettast, samt lagast ein prosjektplan og framdriftsplan.</p> <p>Det kan kome moglege tilskotsordningar seinare, der det er krav om vedtatt plan for friluftslivets ferdselsårer.</p>
Gjennomgang av utfordringar ved prosjektet	<p>Spørsmål om kva turstiar som vert inkludert i planen. Det er valfritt kor breitt ut ein skal gå i planen, om ein vel 5 eller 40 ferdselsårer. Det må leggst ein plan for dette. Eit forslag er at for at ein turveg eller tursti skal takast med i plan for friluftslivets ferdselsårer, er det ein føresetnad at vegen/stien er av betydning for området har stor ferdsel. Det kan vera ferdselsårer med behov for tilrettelegging eller omlegging. Det må i tillegg ligge føre skriftlege grunneigaravtalar dersom ferdselsåra skal med i planen.</p>
Innspel/spørsmål	<p>Osterøy turlag ynskjer å utvida friluftslivsomgrepet – til turar på fjell og på fjordar</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det vert på moglegheiter for å kombinere turrutebasen til å koble landingsplassar for båt/kajakk til turstiar til fjells.</li> </ul>
Arbeid med kart	<p>Gruppa jobba med kartutsnitt og førte inn stiar i ulike delar av Osterøy. Karta var vanskelege å jobbe i grunna skraverte friluftsområde som dekkar over ein del av turområda. Til tross for dette blei det teikna opp rundt 30 turstiar og turvegar.</p>
Vegen vidare	<p>Prosjektet er endå i fase 1 og starten av fase 2. Kartleggingsfasen tar tid då då det skal jobbast vidare med turrutedatabasen og dei turstiane som er registrert på informasjonsmøte. Det må òg gjerast nokre vurderingar for kva for ferdselsårer som skal takast med i planen, og kva tilretteleggingstiltak det er behov for no og i framtida. Desse vurderingane vert gjort administrativt og i arbeidsgruppa.</p> <p>Takk for oppmøte, for innspel og for godt arbeid med kartene.</p>

Med helsing

Ingri Thomassen  
Ungdoms- og idrettskonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

**Kopi til:**

Henrik Carlsen  
Linda Judith Svidal Nordås

**Kopi til:**  
Pelle Engeseter  
Silje Solberg